



Statsråd Torbjørn Røe Isaksen

Ref nr

Saksnr 16/5079

Dato 17.06.2016

**SAMANSLÅING AV HØGSKOLEN I BERGEN, HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE OG HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND**

I Meld. St. 18 (2014-2015) viser regjeringa til at universitets- og høgskulesektoren er viktig for samfunnsutviklinga, men at ressursane blir spreidde på for mange universitet og høgskular. Derfor er det behov for samanslåingar for å betre grunnlaget for utdanning og forskning av høgare kvalitet. På bakgrunn av dialogen Kunnskapsdepartementet har hatt med dei statlege universiteta og høgskulane, har Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) tilrått at desse høgskulane blir slått saman til ein høgskule frå 1. januar 2017, med namnet Høgskulen på Vestlandet.

HiB, HiSF og HSH legg til grunn at med utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre høgskulane, skal Høgskulen på Vestlandet byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon. Målet er at Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling. Høgskulen på Vestlandet vil ha ein klar ambisjon om å bli universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Høgskulane legg og til grunn at Høgskulen på Vestlandet skal vere ein institusjon som har god forankring i nærregionane og på dei fem studiestadane Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal og Førde. Høgskulen på Vestlandet vil som ein ny fleirkampusinstitusjon ha utdanning på masternivå på alle studiestadene.

Ambisjonane og måla inneber at Høgskulen på Vestlandet skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadene. Det er ei klar føresetnad at organiseringa av studentsamskipnadene ikkje svekkjer studentvelferda på nokon av studiestadene.

Etter innspel frå høgskulane, legg departementet til grunn at den nye høgskulen blir etablert med styreleiar oppnemnd av departementet og tilsett rektor.

På bakgrunn av ønske frå høgskulane, vil Kunnskapsdepartementet oppnemne eit interimsstyre som vil få mynde til å treffe beslutningar om etablering av Høgskulen på Vestlandet.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund blir organisert frå 1. januar 2017 som ein høgskule under namnet Høgskulen på Vestlandet.